

Numedalslaget

NUMEDØLEN



Desember 2013



Råkåfiskfesten 2014

Råkåfiskfesten 2014 er på Røa Samfunnshus (Austlivn. 4, like ved Røa T-banestasjon) laurdag 25. januar kl. 18.30.

På menyen står som vanlig råkåfisk frå Bjornesfjorden, lefsekling fra Veggli og mandelpotet.

Festtale ved Even Tråen fra Rollag om det numedalske paradoks. Tråen tar et oppgjør med myten om den kulturelt avstengte dalen og viser hvordan impulser utenfra i stor grad har preget kulturen. Møtet mellom det lokale, nasjonale og internasjonale har skapt helt unike kulturuttrykk i Numedal.

Det blir variert dansemusikk med VÅKK (som står for våre gamle venner Vidar, Åsmund, Kjell og Kjell).

Entre: Medlemmer kr 400, ikke-medl. kr 450.

Påmelding innen 20. januar til: 97 75 40 18 (Björg), 45 01 91 36 (Ragnhild) eller e-mail til rilanderud@gmail.com.

Vi vil sette opp buss frå Numedal. Ta kontakt med Ottar for bestilling av buss (32 74 62 16 eller 92 09 52 36).



Sverre Mørkhagen,
festtaler på Råkåfiskfesten 2013.

Foto: Nils Øyvind Bergset.



Referat frå årsmøtet i Numedalslaget i Oslo 27.02.2013

Tilstades: Nils Øyvind Bergset, Ragnhild Landerud, Lars Peder Larsgård, Bjørg Undebakke, Svein Aasen.

1. Opning

Svein Aasen opna møtet og ønskte velkommen.

2. Konstituering

Øyvind Bergset blei valt til møteiar. Lars Peder Larsgård og Svein Aasen blei oppnemnde til å skrive under protokollen. Ragnhild Landerud var referent.

3. Godkjenning av innkalling og saksliste

Det var ingen kommentarar til innkalling/saksliste.

4. Årsmelding 2012

Årsmelding 2012 blei lese opp av Ragnhild Landerud

Årsmelding for Folkedansgruppa blei lese opp av Nils Øyvind Bergset.

Begge årsmeldingane blei godkjende, med nokre kommentarar:

- talet på medlemmar i laget blei korrigerert
- tilvisning til Numedalsweb vert fjerna (www.numedalslaget.no er enklast)

5. Rekneskap.

Svein Aasen (kasserar) gjekk gjennom rekneskapen for 2012, underteikna av kasserar og revisor 13.02.2013

Rekneskapen for 2012 blei godkjend.

6. Medlemspengar 2014



Styret må kunne auke medlemspengane slik at dei til kvar tid samsvarar med det vi må betale til BLS og NU, (som vedteke tidlegare år). Den delen Numedalslaget får blei endra i 2012.

7. Innkomne framlegg.

Ingen innkomne framlegg

8. Val

Årsmøtet gjekk til val på forslaga frå valkomiteen, leia av Bjørg Undebakke.

Styremedlemmane Nils Øyvind Bergset, Ragnhild Landerud og Lars Peder Larsgård tok attval, periode på 2 år.

Varamedlem Bjørg Undebakke tok attval, periode 1 år

Hyttestyret: Levor Traaen og Walborg Tuft tok attval, periode 2 år.

Folkedansgruppa: Kjersti Aasen og Nils Øyvind Bergset tok attval, periode 2 år.

Revisor: Aasmund Flo tok attval, periode 1 år.

Hedersmerke/Fortjenestemerke: Jøran Stryse og Levor Traaen tok attval, periode 2 år

Lotterifond: Nils Øyvind Bergset og Knut Kjønås tok attval, periode 2 år

Valkomite: Knut Kjønås, Bjørg Undebakke og Kjersti Aasen tok attval, periode 1 år.

Støtt Numedalslaget gjennom grasrotandelen

Numedalslaget i Oslo er nå registrert i Frivillighetsregisteret. Dette betyr at du også kan støtte laget gjennom grasrotandelen til Norsk Tipping.

Be kommisjonæren registrere organisasjonsnummeret: 995 067 781.



Årsmelding 01.01. – 31.12.2012

Laget hadde ingen formell leiar i meldingsåret. Svein Aasen har vore kontaktperson til BLS og NU. Tillitsvalde i 2012: sjå vedlagte liste.

I meldingsåret hadde laget 41 medlemmar.

Av desse er 4 bimedlemmar (hovedmedlem i eit anna lag i NU/BLS)

Det er 6 æresmedlemmar: Reidun Kjønås, Knut Kjønås, Jøran Stryse, Levor Traaen, Gunnar Ulbåsen og Svein Aasen og 1 livsvarig medlemskap: Valborg Dyrnes

Aktivitetar:

- I meldingsåret har det vore 1 styremøte / arbeidsmøte + årsmøte 29.02. (elles e-post - kontakt).
- Rååkåfiskfest på Røa Samfunnshus 21.01.
- 12. – 15. april var "Danseru"- gjengen frå Buskerud, ca. 30 ungdommar i alderen 16-22 år, i Oslo. Dei øvde inn dei siste detaljane før premieren på "Liti Kjersti" på Riksscena. Numedalslaget og Hallinglaget laga mat til ungdommane, i Nordahl Brunsgt.22, frå torsdag kveld til lunsj søndag, samt hjelpte til med anna arbeid. Både Numedalslaget og Hallinglaget stilte med 7 medhjelparar.
- Ingen fellestur til Lagshytta i Lommedalen i år. Levor Traaen har gått opp tomtegrensene for hytta sammen med grunneigaren, pga hogst i området.
- Lagsavisa "Numedølen" kom ut med eitt nummer (i oktober).
- Laget har eiga heimeside på internett. Kontaktperson har vore Lars Peder Larsgård
- Folkedansgruppa i laget har vore aktiv gjennom heile året. Sjå eiga årsmelding.

Rååkåfiskfest 21.januar 2012

Festen vart halden på Røa Samfunnshus



numedalslaget i oslo

Det var 98 personar til bords, av desse var 77 fullt betalande

Attåt fisken var det som vanleg både kling, mandelpotet, lauk og rømme.

Festen blei leia av Nils Øyvind Bergset.

Livard Hytta, som har skrive boka "Fjellfolkets rike. Folk og virke på Hardangervidda", kåserte med "Folk og virke på Hardangervidda" som tema.

Musikken sto Kjell Vidars for.

Heimeside / e-post Numedalslaget i Oslo:

Heimesida til Numedalslaget finn ein på www.numedalslaget.no

Numedalslaget har ikkje e-post adresse lenger, men ein kan bruke e-postadresse til styremedlemmar.



Maten er servert på årets Råkåfiskfest. Foto: Nils Øyvind Bergset.



Årsmelding for Folkedansgruppa i Numedalslaget 2012

Folkedansgruppa var leia av Nils Øyvind Bergset, og i tillegg har Svein Aasen, Kjersti Aasen og Kenneth de Gala vore med. Vi har ikkje hatt eigne møter, men gjer avtaler over telefon og når vi møtes på øvingane. Svein Aasen sit som medlem i folkedansnemnda i BLS.

Vi har hatt 19 ordinære øvingskveldar gjennom året, fordelt på 11 i vårsemesteret og 8 i haustsemesteret. Nils Øyvind Bergset har vore instruktør på øvingskveldane våre. Når han har vore borte har Kjersti Aasen vore instruktør. Vi kallar kveldane for øving/kurs, og dei er opne både for gamle travarar og nybyrjarar. Instruktøren gir rettleiing til dei som treng det den fyrste timen, og så er det fritt fram for å praktisere det ein har lært etter pausa. Vi har også "dagens tema" denne fyrste timen. Her tek vi opp enkeltelement i dansen slik som steg, svikt, særskilde turar og diskuterer og prøvar ut. Vi startar øvingane kl. 19.30 og driv på til 21.30, med ei lita pause. Kenneth de Gala spelar fast på øvingane. Tor Inge Tønnesen har vore fast reservespelemann. Ein gong har også Elise Hildrum spelt sjøfløyte for oss.

Totalt sett har det vore 88 frammøter på øvingane, 13 fleire enn året før. I tillegg kjem spelemann og instruktør. 23 ulike personar har møtt fram og det er 11 fleire enn året før. Av desse var det 7 gutar og 16 jenter. Gjennomsnittleg oppmøte har vore 4,6 personar per øving og det er høgare enn året før. Det minste tal frammøtte på ei øving var 2, og det meste var 9.

Folkedansgruppa har vore med som teknisk arrangør på to folkedanskveldar. Desse kveldane har vi lært bort Numedalsdans i pausa. Søndag 11. november arrangerte vi minikurs i numedalsspringar i forbindelse med folkedanskvelden.

Fleire av dei som har vore med på øvingskveldane er aktive kappdansarar. Dette gjeld Nils Øyvind Bergset, Marit Måge, Svein Aasen, Kjersti Aasen, Kenneth de Gala, Ellen Grøttheim Krokstrand og Arna Desser. Par frå Numedalslaget var med på Markenskappleik på



numedalslaget i oslo

Kongsberg, Buskerudkappleik på Lampeland, Landskappleiken på Otta, Jørn Hilme-stemnet på Fagernes og Oslo-kappleiken.

Vi prøver å stille lag i lagdans på kappleik så ofte vi kan og då stiller vi gjerne saman med par frå Numedal Spel- og dansarlag. På Landskappleiken vart vi nummer 16 av 30. Under Jørn Hilme-stemnet på Fagernes vann dansarar frå Numedalslaget og Numedal lagdanssen. På Oslo-kappleiken var det spaning om vandrepremien kor Numedalslaget var eitt av fire lag som hadde mogelegheit til å vinne premien til odel og eige. Det vart Valdreslaget som vann medan Numedalslaget vart nummer 4.

Dansarar frå laget har og vore med på framsyningar. Vi dansa på Råkåfiskfesten i januar, Bygdøystemnet til BLS og ein dansar har dansa på "Norsk aften" 2 gonger på Frognerseteren.



Maten var som vanlig av høyeste kvalitet. Foto: Svein Aasen.



numedalslaget i oslo

Tillitsvalde i 2013

Styret:		Tlf.
Kasserar:	Svein Aasen	48 29 99 81
	Haugerudhagan,58, 0673 Oslo	
	e-mail:svein.aasen@multiconsult.no	
Styremedlemmer:	Ragnhild Landerud	45 01 91 36
	Kongeveien 45,1412 Sofiemyr	
	e-mail: rilanderud@gmail.com	
	Nils Øyvind Bergset	41 63 95 67
	Otto Ruges vei 35 B, 1361 ØSTERÅS	
	e-mail: niloberg@online.no	
	Kjersti Aasen	98 06 21 65
	Erlendsvei 48, 0669 Oslo	
	Lars Peder Larsgård	91 75 82 65
	Jenshaugvn.11,1363 Høvik	
	e-mail:lars-peder@larsgaard.com	
Varamedl.:	Björg Undebakke	97 75 40 18
	Starvn. 76 A, 1088 Oslo	
	e-mail:bjorg.tora.undebakke@nrk.no	
Hyttestyre:	Lars Peder Larsgård	91 75 82 65
	Levor Traaen	67 13 47 19
	Tillesløkka 13, 1349 Rykkinn	
	Walborg Tuft	93 26 23 56
	Skøyenåsvn. 9 C, 0686 Oslo	
	e-mail: wutuft@gmail.com	
	Knut Kjønås	41 33 42 00



Sundstredet 126, 1531 MOSS

e-mail: k.kjonaas@rybeltron.no

Folkedansgruppa: **Nils Øyvind Bergset (leiar)** 41 63 95 67

Svein Aasen 48 29 99 81

Kenneth de Gala 99 64 28 09

Gamle Bygdev.168D,1284 Oslo

e-mail: kenneth@degala.no

Kjersti Aasen 98 06 21 65

Redaksjon **Lars Peder Larsgård** 91 75 82 65

Numedølen **Kjersti Aasen**

Nils Øyvind Bergset 41 63 95 67

Revisor: **Aasmund Flo** 91 62 78 71

Starvn. 76A, 1088 Oslo

Hedersmerke/ **Jøran Stryse** 32 74 63 60
Fortjenestemerke 3628 VEGGLI

Levor Traaen 67 13 47 19

Lotterifond: **Walborg Tuft** 93 26 23 56

Knut Kjønaas 41 33 42 00

Nils Øyvind Bergset 41 63 95 67

Fanevakter: **Jøran Stryse**

Svein Aasen

Valkomite: **Knut Kjønaas,**

Kjersti Aasen

Björg Undebakke



Numedalslaget vant lagdans på Oslokappleiken!

Numedalslaget vant lagdansen på Oslokappleiken 26. oktober og fikk første napp i den flotte vandrepremien på bildet (foto Nils Øyvind Bergset). Vandrepremien er helt ny og er satt opp av Hallinglaget i Oslo. Kenneth de Gala fikk premie som beste dansespelemann. Kjersti og Svein Aasen ble nummer to i dans hardingfele. Marit Måge og Nils Øyvind Bergset ble nummer tre i samme klasse. Nærmest storeslem av danserne og spelemennene fra Numedalslaget med andre ord.



Råkåfiskfesten 2013

Råkåfiskfesten 2013 blei arrangert på Røa Samfunnshus laurdag 26. januar. Festen blei vellykka med over 70 til bords. Festen blei leia av Nils Øyvind Bergset. Laget minna 3 sentrale medlemmer som hadde gått bort det siste året: Norunn Lødemel Aasen. Alf Åmot og Olav Mogan.

Sverre Mørkhagen fortalde om utvandringa til Amerika og spesielt om rolla til Numedølene i dette. Han trakk historiske linjer tilbake til tida før Napoleonskrigane kor religiøse minoritetar vart forfølgde i Norge. Også nordmenn i fangenskap under Napoleonskrigane var sentrale for den



numedalslaget i oslo

seinare utvandringa. Stavanger og området rundt var av naturlege årsaker viktig for ferdene vestover.

Det var her Ole og Anstein Nattestad frå Veggli fekk høyre om den nye landet i 1836, og året etter tok dei med seg Halstein Fløse og drog over. Når Anstein i 1838 kom attende til Veggli og fortalde om det han hadde opplevd, vart det starten på ei stor utvandring frå Numedal.

Mørkhagen fortalde også om Tollef Bache frå Uvdal som var haugianar, lensmann og handelsmann. Han bidrog mellom anna til å reise ei kyrkje og eit norsk samfunn i Muskego i Wisconsin.

Fisken kom som vanleg frå Uvdal og var levert av Olav Toen og Ola Løvstuen. Lefsene var laga i Veggli av Ragnhild Mogan. Attåt var det servert mandelpotet, rømme og lauk. Etter bordsetet vart resten av fisken og lefsene selt ut som vanleg.

Det kom folk heilt frå Numedal. Her er det Nils Friis frå Nore som takka for maten med eit lite vers.

Fanteladdane frå Osloområdet spela variert dansemusikk. I deira pause vart det som vanleg spela og dansa springar og gangar. Det var Per Midtstigen og Nils Øyvind Bergset som lånte seg toradar og trødde til.



Frå danseøving i desember 2013 hvor premien frå Oslokappleiken ble fortært. Foto Nils Øyvind Bergset.



numedalslaget i oslo

Bygdedans frå Numedal våren 2014

6. januar	31. mars
20. januar	28. april
3. februar	12. mai
17. februar	26. mai
3. mars	16. juni
17. mars	

Desse mandagskveldane er det kurs/øving i bygdedans frå Numedal i Blåsalen i Nordahl Brunsgt. 22. Vi startar klokka 19.30, og ønskjer velkomen til gamle kjende og til den som vil prøve seg på ein ny dans.

Kursavgifter 200,- for medlemmer, 300,- for ikkjemedlemmer og 30,- per enkeltkveld.

Dansedykk med numedalsdans på Riksscenen 29. mars

På dette dansedykket på Riksscenen for folkemusikk og folkedans skal vi fokusere på den gamle springaren og på noen spesielle varianter av masurka og reinlender. Instruktører er kjente dansere som Sigbjørn Rua, Bjørnar Heimdal, Nils Øyvind Bergset og Liv Bergset. Kenneth de Gala, Synne Frogner, Håvard Kjøntvedt spiller til kursene. Undervisningen blir tilpasset både til nybegynnere og viderekommande.

I kveldinga blir det arkivdykk hvor Nils Øyvind Bergset og Jan Lislien vil vise filmer og spille musikk.

På kvelden blir det god gammaldags dansefest med runddans og bygdedans. Kenneth de Gala, Synne Frogner, Håvard Kjøntvedt og Numedal spelemannslag sørger for musikken.

Mer info over nyttår på www.riksscenen.no



numedalslaget i oslo

Folkedanskveld på søndagar

Nær alle søndagar (i perioden september - mai) frå 19.30 - 22.45 er det søndagsdans i Nordahl Bruns gate 22 i Oslo.

I Storsalen er det god dansemusikk der spelmannslag/grupper spelar gammaldans/pols og turdans. Songdans får du som regel høve til å danse i musikerpausen.

I Halli er det dei fleste søndagane minikurs i ulike dansar.

05. JAN

18.00-19.30	Minikurs - Rørospols	Halli
19.30-22.45	Rund-/folkedans - Spelemannslaget De frilynde	Storsalen

12. JAN

18.00-19.30	Minikurs – Bingsjöpolska	Halli
19.30-22.45	Rund-/folkedans - Bærum spellemannslag	Storsalen

19. JAN

18.00-19.30	Minikurs - Springleik frå Vågå	Halli
19.30-22.45	Rund-/folkedans - Brødrene Odde	Storsalen

26. JAN

18.00-19.30	Minikurs - Hallingspringar	Halli
19.30-22.45	Rund-/folkedans - Fanteladdane	Storsalen

02. FEB

18.00-19.30	Minikurs - Bodapolska	Halli
19.30-22.45	Rund-/folkedans - Bærum spellemannslag	Storsalen

09. FEB

18.00-20.30	Minikurs - Stildans	Halli
19.30-22.45	Rund-/folkedans - Eiker spellemannslag	Storsalen

16. FEB

18.00-19.30	Minikurs - ???	Halli
19.30-22.45	Rund-/folkedans - NMH Folk	Storsalen



numedalslaget i oslo

Årsmøtet 2014 blir 26. februar

Årsmøtet for Numedalslaget i Oslo blir onsdag 26. februar klokka 19.30 i Nordahl Brunsgate. Dette er kun et varsel om møtet. Ordinær innkalling kommer på nyåret.

Styret vurderer endring av lovene

Lovene til Numedalslaget er utdatert, har regler som ikke praktiseres og er ikke i tråd med mønsterlovene til Noregs Ungdomslag. Styret har satt i gang et arbeid med å revidere lovene. Dersom styret blir ferdig med dette vil forslaget bli sendt ut i forbindelse med årsmøtet for 2014.


Folkedansgruppa har egen Facebookside

Folkedansgruppa har oppretta ei eiga Facebookside. Dei som vil følgje med på aktivitetene og like sida vår kan gå inn på:

<https://www.facebook.com/dansinumedalslagetioslo>



Fanteladdane som spilte på årets Rååfiskfest. Foto: Svein Aasen.



Avsender: Numedalslaget i Oslo, Nordahl
Brunsgt. 22, 0165 OSLO

Gamle nummer av Numedølen

Vi har no skanna inn ein del gamle nummer av Numedølen og gjort dei tilgjengeleg på heimesida vår:

www.numedalslaget.no

Sjå under menypunktet "Numedølen" for å finne dette. Eller gå rett inn på:

<http://www.numedalslaget.no/default.aspx?ArticleID=111667&MenuID=16373>